



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

Dato: 27.01.2011  
Arkiv: K2-A10, K3-&13, K1-  
Vår ref (saksnr.): 07/2585-6  
Journalpostid.: 11/1931  
Dykkar ref.:

0032 OSLO

## Høringsuttale frå Time kommune - NOU 2010:8

### *Time kommune har følgjande uttale til NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst;*

*Time kommune synest det er positivt og viktig med sterkare satsing for å sikra – og auka kvalitet i barnehagetilbodet. Det er viktig at barnehagefeltet synleggjer kva faktorar som må følgjast opp for å sikra og auka kvalitet i barnehagen.*

*Time kommune støttar utvalet si vurdering om at barnehagetilbodet fortsatt skal vera frivillig, og at det ikkje er nødvendig å opprette egne førskuletilbod utover det tilbodet barnehagane gjev. Kommunen er positiv til forslaget om 20-timar gratis barnehagetilbod for 3-5 åringar, om nokre føresetnader er til stades. Eit gratistilbod til 3-5 åringar må ikkje føre til dyrare tilbod for 1-3 åringane. Rekrutteringa til førskulelæreryrket må ha auka slik at pedagognormen i barnehagen kan følgjast opp utan dispensasjonar frå utdanningskravet. Det er og ein føresetnad at statlege tilskot aukast til kommunane. Time kommune stiller seg kritisk og spørjande til utvalet si avgrensing i høve til aldersgruppe. Eit systematisk pedaogisk tilbod må omfatte heile barnehagetida, ikkje bare dei siste åra før skulestart. Time kommune støttar ikkje ei retning mot eit syn på dei siste åra i barnehage som eit skuleførebuande tiltak aleine. Desse åra må framleis vera ein del av ein sosiokulturell tradisjon, der barnhageåra har eigenverdi med leik og sosialt samspel som hovudfokus.*

*Time kommune er einig i utvalet si vektlegging av eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehagetilsette, og ser positivt på forslaget om å utvida og styrka kommunane sine tilbod om foreldreveiledning. Det vil krevje auka midler utover dei kommunale rammene til å utvida kompetansen og gjennomføringa av eksisterande foreldreveiledningsprogram. Per i dag er det helsestasjonen som har tilbod om dette i Time kommune.*

*Kommunen støttar føringar om tydeleggjering av Rammeplanen og til kva utbytte barn skal ha av barnehagen. Kommunen er kritisk til føringar om resultatmål for kvart barn. Effekten av eit barnehagetilbod må formulerast som prosessorienterte målsettingar knytt til erfaringar og opplevsar det enkelte barnet får gjennom aktivitetar i barnegruppa. Rammeplanen kan imidlertid leggja føringar for tydelegare innhald i samarbeidet mellom dei tilsette og foreldra til kvart barn.*

*Time kommune er kritiske til forslaget om at barn skal setja mål for eiga læring og utvikling. Perspektivet om barnemedverknad oppretthaldast likevel om forslaget modererast til at barnegruppa kan vera med å setja mål for ulike prosjektarbeid og aktivitetar.*

*Ein tretrinnsmodell for vurdering og kartlegging må ved innføring i alle barnehagar kunne omfatta og evt erstatta dei eksisterande verktøya. Kommunen stiller seg kritisk til auka kartlegging som eit ledd i innføring av læringsmål for kvart barn.*

*Time kommune støttar utvalet sitt forslag om tydeleggjering av kva innhald dei skuleførebuande aktivitetar skal ha. Gjennom kommunen si aktive deltaking i prosjektet Barnehage + skole=sant, er erfaringane i tråd med dei behova utvalet har sett.*

*Time kommune støttar eit kompetanseløft for barnehagesektoren. Det er positivt at utvalet tenkjer ei aukiing av den samla fagkompetansen i barnehagen. Dette vil krevje økonomiske ressursar utover kommunale rammer. Ei eventuell endring i barnehagelova vedrørande pedagognorm, må vera ei følgje av ei eventuell stor og vellukka satsing på rekruttering til førskulelæreryrket.*

*Time kommune er positive til føringar om ei sterk statleg satsing på forking om barn og barnehageliv.*

*Det er positivt at utvalet peikar på behovet for auka statlege tilskot ved endringane dei legg opp til i utgreiinga. Det må følgje med auka tilskot for eventuelle endringar utover ytterligare lovpålagte krav.*

Med helsing

Marianne Høyekvam Grande  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*